



## **Fråtrekk av fråvær på vitnemål.**

Det er mogleg å søkja om å få trekkja frå fråvær på vitnemålet som er skulda sjukdom eller innvilga permisjon. På vitnemålet vil alt fråvær frå alle tre åra på ungdomsskulen førast på vitnemålet.

Frå Opplæringslova:

### **§ 3-38.Føring av fråvær i grunnskolen**

*Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.*

*Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.*

*Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.*

*For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet:*

- a. dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar*
- b. innvilga permisjon etter [opplæringslova § 2-11](#).*

*For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei **legeerklæring** som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og **det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast**. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag. Endra ved forskrift [29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra).*

## **Fristar:**

På Frøyland ungdomsskule må føresette sjølv søkje om fråtrekk av fråvær for gjeldande skuleår. Dette gjer ein ved å senda søknad skrifleg på skjemaet «Søknad om fråtrekk av fråvær på vitnemål» som de lastar ned på skulen si heimeside. Dagane må spesifiserast. Kontaktlærar vurderer om grunnlaget for fråtrekk av fråvær er til stades.

**31. mai er fristen for å søkja for kvart år.**

-Rektor

---

#### **Fakturaadresse**

Frøyland Ungdomsskule  
Postboks 39  
4349 Bryne

#### **Leveringsadresse**

Frøyland Ungdomsskule  
Gåsevikegen 2  
4355 Kvernaland

**Tlf:** 51776000 – Rådhuset

**Tlf:** 51776500 – Frøyland Ungdomsskule

**E-post:** [froyland.ungdomsskule@time.kommune.no](mailto:froyland.ungdomsskule@time.kommune.no)

**Heimeside:** [www.minskole.no/fus](http://www.minskole.no/fus)